

Rettleiing/ info:

Vanylven Sogelag har digitalisert «Ættesoge for Vanylven/Thunemsbøkene» og lagt dei inn i ei database slik at dei er søkbare på nettet. Ein kan søkje på person-namn, gards- og bruksnummer. Dette er ikkje minst viktig for utflytte Vanylvingar og folk utan for Vanylven Sokn.. Denne digitaliseringa vil og gjere det mykje lettare å halde opplysningane oppdaterte i framtida då vi vil legge inn nye opplysningar etter kvart.

Arbeidet med ættebøkene («Thunemsbøkene») blei avslutta i i 2010. No treng vi opplysningar frå deg slik at ættesoga kan bli oppdatert fram til dato.

Målet vårt er også at vi skal ha med bilde og stoff om bygda, garden eller folk. Bilde må sendast som eigne filer. Opplysningane kan du legge ved i det dokumentet som du sender oss. Redaksjonsnemnda vil vurdere om opplysningane kan brukast og korleis. Eventuelle innlegg bør vere korte.

Dersom det er fleire eigarar av bruket (bnr), er det viktig at eigarane vel ein person som kontaktperson til oss.

SKJEMA /RETTLEIING:

Vi har laga til registreringskjema. Dette du laste ned på datamaskin/ nettbrett og fyller det ut, lagre og sende det som vedlegg til mail eller i posten. Sjå link på søkesida

Endringar sidan 2010.

Opplysningane i databasa er frå 2010. Det kan ha skjedd endringar etter den tid. Dette gjeld dødsfall, slutt på relasjon (ekteskap/ sambuarskap) og sal av eigedom. Desse endringane kan du gjere i skjemaet.

Skrivefeil og feil opplysningar kan du melde inn på siste arket i registreringskjemaet eller legg ved ein lapp. Du kan ikkje endre noko i databasa. Der har du berre lesetilgang.

Nye opplysningar, sjå registreringskjemaet.

Det har skjedd store endringar i samlivsformene siste åra. Færre gifter seg, fleire skil seg, vert sambuar eller særbuar eller lever i likekjønna samliv.

For borna er det viktig å vite at dei "høyrrer til nokon". Derfor er det viktig at dei får rett etternamn, fødselsdato, fødestad (der foreldra budde då barnet vart fødd) og namnet på begge foreldra. Dette gjeld sjølv sagt også "bonusbarn" dvs. barn eine parten hadde frå før. I databasen legg vi inn alle samlivsformer og alle barn.

Det er vanskeleg å avgrense kor langt tilbake i tid og kor langt ut til sides i slekta du skal skaffe opplysningar.,

Som ei rettesnor ber vi deg ta med:

- Noverande og tidlegare eigar, born av desse og kvar borna bur.

Ver nøye med fødselsdato og -år, fullt etternamn og namn og fødestad for foreldre.

Vi tek med farsnamn som mellomnamn, t.d. Olson eller Olsdtr Det er ein tradisjon som gjer det lettare å finne fram i datane, samtidig som ein er sikrere på at ein har funne rett person

- Gardsnummer og bruksnumme.

For utflytte Vanylvingar, folk i andre bygdelag eller andre kommunar, vil det vere lettare å finne fram dersom vi tek med gardsnummer og bruksnummer over kvar folk bur/kjem frå, også utanfor soknet. Dette gjer det også enklare dersom du vil bla i tidlegare bygdebøker for Vanylven sokn. Desse går attende til ca 1600 og er **ikkje** digitaliserte.

- *Gnr. og bnr. for alle eigedommen fram til dato ligg no i data basa, men ikkje i Tunheimbøken då det er komne mange nye eigedomar etter 2010. Du kan finne gnr/bnr ditt på skøyte, eller du kan bruke kart på nettet, <https://norgeskart.no/>. Leit fram hus/ eigedom på kartet og klikk på den eigedommen du vil ha info om.*

Meld også frå om det ikkje er endringar eller nye opplysningar, så slepp vi å mase.

Når opplysningar og evt. rettingar er utfylt i skjemaene, sender du dokumenta som vedlegg på e-post til post@sogelagaivanylven.no

Dersom du har fylt ut dokumenta for hand og ikkje får sendt desse på e-post, så ber vi deg om å sende dokumenta i brev til:

Vanylven sogelag

Fiskåvegen 251, 6143 Fiskå

Dersom du lurar på noko, kan du vende deg til:

Gunnar Strand, mobil 90187967 gpstrand@online.no

Arild Henden., mobil 97171549 arhenden@online.no

Laila Haugen, mobil 97130124 laila.haugen@outlook.com

Ståle Thunem, mobil 91521089 stale.thunem@gmail.com

Audun Kvalsvik, mobil 48190751 audun.kvalsvik@gmail.com

Helge Takset, mobil 41575074 heltak@online.no

sogelaget har også oppretta ei eiga side på facebook som heiter [«Ættebok for Vanylven»](#)